Profesjonalisering gjer det trivelegare å vera vakt. 05.08.2016

Frå frivilligsamlinga onsdag

Under frivilligsamlinga onsdag sa mellom anna Festidalen-leiar Bjørn Olav Tveit at dei heile tida prøvde å utvikla og betra Festidalen. Ei av forbetringane han nemnde dette året, er at dei har leigt inn profesjonelle tenester når det gjeld vakthald. Derfor vil vektarar frå vaktselskapet Prosek koma i tillegg til dei frivillige vaktene.

Vektarar frå Prosek vil alltid vera i nærleiken og til teneste om det skulle oppstå situasjonar. Tveit sa at ein i alle høve håpa å oppnå 3 ting som resultat av dette.

- Betre kontroll på publikum
- Betre kontroll på skjenking
- Gjera det trivelegare for frivillige å vera vakter.

Festidalen treng framleis fleire vakter laurdag, og dei bed innstendig frivillige om å melda seg som vakt på laurdag i sak nedanfor.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Stig Framnes/Festidalen